



Stabilt låge drivstoffprisar i Uskedalen.

Sidan opninga av Knapphus Energi sitt drivstoffutsal i Uskedalen har vi merka oss at Uskedalen er best på pris i Kvinnherad. Vi er merksame på at stasjonen i Uskedalen er ubemanna utanom opningstida på verkstaden på dagtid. Det er heller ikkje kredittkort på drivstoff til private kundar. Kort finst berre i næringsmarkedet.

Trass dette er det positivt at Knapphus held stabilt låge prisar gjennom heile veka.

Andre drivstoffutsal set prisen opp om lag 2 kroner tidleg i veka, for så å redusera prisen til det vi finn i Uskedalen. Dette skjer ikkje i Uskedalen. Prisen er den same og berre små justeringar over tid.

Etter oppstarten til Knapphus Energi har bensin- og dieselsalet ein merkbar auke i Uskedalen i høve til slik det var før.

Drivstoffutsalet i Uskedalen er sentralt plassert midt i Kvinnherad, og mange nyttar høve til å fylla opp tanken ved gjennomkøyring.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døsland